

Notat

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/687-1

Dato
10.01.2014

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i april 2013 at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikra innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Innanfor gjeldande budsjetttramme skal ein arbeida for å organisere bibliotek i fylket i konsortium med ei felles teknisk løysing, og ei felles samling av e-bøker.

Det er etablert eit konsortium for e-bøker for folkebiblioteka og dei vidaregåande skulebiblioteka i Hordaland. Konsortiet består av ei felles teknisk utlånsløysing og ei felles samling av e-bøker, som fylkeskommunen har kjøpt inn. Alle som har lånekort ved eit av biblioteka som er med i ordninga, har tilgang til e-bøkene i den felles samlinga for fylket frå 21. januar 2014.

Politisk handsaming

Saka *E-bøker i biblioteka i Hordaland* vart samrøystes vedteken i Kultur- og ressursutvalet 16. april 2013 og i Fylkesutvalet 24. april 2013. Vedtaka lød som følgjer:

1. Fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikra innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang.
2. Fylkeskommunen skal innanfor gjeldande budsjetttramme arbeida for å organisere bibliotek i fylket i konsortium med ei felles teknisk løysing, og ei felles samling av e-bøker.
3. Fylkesutvalet vil understreke behovet for nasjonale avtaler når det gjeld e-bøker. Bøker, både papir og e-bøker bør likestilla og vera fritekne frå moms.

Konsortium for e-bøker i fylket

I juli fekk alle folkebiblioteka i fylket tilbod om deltaking i eit konsortium av e-bøker. Invitasjonen gjaldt ei felles teknisk utlånsløysing og ei felles samling av e-bøker. Innan svarfristen i august, meldte alle folkebiblioteka utanom Bergen seg på konsortiet. Bergen har si eiga løysing for utlån av e-bøker.

I september vart det gjennomført ei intensjonsutlysing om kontraktsinngåing med firmaet Biblioteksentralen AL om det tekniske utlånnssystemet BS Weblån. I vurderinga av leverandør vart det lagt vekt på at bibliotektilbod skal vere eit mest mogleg breitt tilbod, som er tilgjengeleg for

flest mogleg. Den tekniske løysinga for utlån måtte kunna nyttast for flest mogleg typar av e-media (e-bøker, lydbøker, film og musikk), og kunne lesast på flest mogleg tekniske plattformar (både nettbrett, telefon, datamaskin osb.).

Fylkeskommunen har kjøpt og installert BS Weblån til folkebiblioteka i fylket. Det er også kjøpt e-bøker til ei felles samling for biblioteka i fylket. Bøkene visast i ein eigen nettportal, eller kjem fram i det einskilde bibliotek sin katalog på nettet. Alle som har lånekort ved eit av folkebiblioteka (utanom Bergen), har no tilgang til e-bøkene i den felles samlinga for fylket.

I løpet av prosessen kom det fram at dei vidaregåande skulebiblioteka i fylket kunne bli med i ordninga for ein svært rimeleg inngangsbillett. Dei 46 vidaregåande skulebiblioteka er teken med, og er blitt ein del av konsortiet for e-bøker i Hordaland. Alle elevar ved dei vidaregåande skulane i fylket har no tilgang til e-bøkene i den felles samlinga for fylket.

Utlån av film

Fylkesbiblioteket har gjennom KJØL-prosjektet, som har fått midlar frå Kulturelt utviklingsprogram, inngått eit samarbeid om utlån av kunstnariske kortfilmar som er produsert på Vestlandet. I første omgang er det snakk om ein prøvepakke med fire filmar.

Vestnorsk filmsenter og fylkesbiblioteket ønskjer saman å gjennomføre denne prøven for å få kartlagt kva nye visnings- og distribusjonsarena dette kan vere for filmane, samt for å få på plass avtaleverk. Dette er eit prøveprosjekt, og målet er at det kan bli ei løysing som kjem filmbransjen til gode i form av å få filmane ut, samtidig som biblioteka kan få et heilt nytt utlånstilbod med film.

Fordeling av kostnader

Kostnadene med innkjøp og installasjon av BS Weblån i folkebiblioteka i fylket (utanom Bergen) er gjort over fylkesbiblioteket sitt budsjett. Dei årlege kostnadene med drift av utlånssystemet, vil bli fordelt på folkebiblioteka mellom anna med omsyn til innbyggjartalet i den einskilde kommunen.

Kostnadene med innkjøp og installasjon av BS Weblån i dei vidaregåande skulebiblioteka vil anten bli fordelt på den einskilde skule (om lag kr 535 per skule) eller betalt i sin heilskap av Opplæringsavdelinga. Årleg kostnad med drift av systemet vil bli fordelt på kvar enkelt skule.

Det er kjøpt inn e-bøker i den felles samlinga for fylket for kr 300.000 over fylkesbiblioteket sitt budsjett. Midlane er gjort tilgjengeleg gjennom omdisponering av midlar som tidlegare vart brukt til ordninga distribuert mediekjøp.

Kompetanseheving

Dei bibliotektilsette har hatt behov for kompetanseheving for å bli klare til å gå i gang med utlån av e-bøker. 65 bibliotektilsette i folkebibliotek har delteke på *Kurs i bruk av e-bøker og nettbrett*, eit kurs som skal gjere dei i stand til å rettleie bibliotekburkarane i korleis nettbrett og utlån av e-bøker fungerer. Kursa har vore arrangert i Bergen, Norheimsund, Knarvik og Leirvik.

Bibliotektilsette i folke- og skulebibliotek har også delteke på *Kurs i BS Weblån*, der dei har fått innsikt i korleis det tekniske utlånssystemet fungerer. Desse kursa har vore arrangert i Bergen og i Leirvik og hadde til saman 65 deltakarar.

Profiling av tilbodet

For å profilere tilbodet om e-bøker i biblioteka i fylket, er DOU-film i ferd med å produsere ein film i samarbeid med fylkesbiblioteket. Kostnadene til produksjonen blir delt mellom fylkesbiblioteket (20%) og leverandøren av BS Weblån (80%). Filmen skal vekke interesse for tilbodet, samstundes som den skal opplyse om korleis brukarane kan ta i bruk tenesta.

Tilbakemelding til nasjonale instansar

Det er sendt brev til Nasjonalbiblioteket og Kulturdepartementet med vedtaket i fylkesutvalet, der ein understreker behovet for nasjonale avtaler når det gjeld e-bøker. Bøker, både papir og e-bøker bør likestilla og vera fritekne frå moms.